



## Møteprotokoll for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 03.03.2016  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17.30

Det var Spørjetime (kl. 17.30) før kommunestyret vart formelt sett. Det vart stilt seks skriftlege spørsmål, som vart svara på av ordførar/rådmann.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Morgan Taule	AP	Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Liv Berit Rath	AP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem
Vidar Grindheim	H	Medlem
Normann Sæbø	H	Medlem
Henning Haugland	H	Medlem
Wenche Linda Kalnes Tveranger	FRP	Medlem
Silje Namtvedt	SP	Medlem
Dag Sætre	SP	Medlem
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Medlem
Leif Gunnar Taule	SP	Medlem
Martin Soltveit	SP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Medlem
Frode Hervik	V	Medlem
David Pletten Aasgard	KRF	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem
Roy Bø	FRP	Medlem
Ståle Villanger	V	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Vibeke Angelskår Erstad	H	
Lena Kristin Bø Nilsen	FRP	
Agnes Hoshovde Bernes	V	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, kommunalsjef Jo Tømmerbakke i orienteringssak 07/2016, kommunalsjef Lisbeth T. Alvær i sak 012, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 019, møtesekretær Arthur Kleiveland

Det var spørjetime kl. 17.30. Det vart stilt seks skriftlege spørsmål, som vart svara på av ordføreren og rådmannen.

## Saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Tittel</b>
007/2016	Meldingar og referatsaker
008/2016	Fornyng eller forlenging av permanente sals- og skjenkeløyve
009/2016	Delegasjon av einskildvedtak om prikktildeling ved brot på alkohollova
011/2016	Søknad om å ettergje gjeld - kunstgrasbana i Austmarka
012/2016	Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026
013/2016	Plansak 1260201000700 - detaljregulering - Svena fritidsbustader - godkjenning
015/2016	Plansak 12602016000100 Kommunedelplan for Bø - melding om oppstart av planarbeid med planprogram
014/2016	Plansak 12602014000500 Kvalheimsneset serviceområde - endring av reguleringsplan - godkjenning
016/2016	Planstrategi for Radøy kommune - revisjon for perioden 2016-2020 - oppstart av arbeid
017/2016	Busetjing av flyktningar i Radøy
018/2016	Plan for forvaltningsrevisjon
019/2016	Forslag til nytt inntektssystem - høyringsvar frå Radøy kommune
020/2016	Nordhordland kommune - intensjonsavtale for ny kommune

007/2016: Meldingar og referatsaker

Behandling:

**Orientering om mobbing:**

Med utgangspunkt i mediaoppslag om mobbing ved Sæbø skule, gav rådmann og oppvekstsjef ei orientering om situasjonen i Radøy-skulane og tiltak som er og blir sett inn på Sæbø skule. Han understreka at kommunen tar mobbing på alvor, og at administrasjonen prøver å jobba systematisk og målretta både med førebygging og tiltak. Rådmannen viste til at det har vore jobba lenge med konkrete tilfelle det blir vist til i media.

Kommunalsjef Jo Tømmerbakke orienterte om korleis det blir jobba både generelt og spesifikk med mobbeutfordring. Mellom anna blir det i tillegg til den nasjonale elevundersøkinga årleg følgd opp med to elevundersøkingar 5.-10.klasse for å få eit ferskast og best mogleg bilete av situasjonen, og kunne følgja opp med tiltak. Den nasjonale elevundersøkinga, som er obligatorisk for 7. og 10. klasse er også utvida til å omfatta alle årsstega 7.-10.klassen.

Kommunalsjefen viste også kva tiltak som er sette inn i dei konkrete forholda ved Sæbø skule. Kommunestyret fekk også delt ut ei skriftleg orientering om korleis administrasjonen jobbar med skulemiljø og mobbing. Kommunalsjefen svarar også på spørsmål.

Det vert lagt opp til eit temamøte i kommunestyret knytt til framlegging av sak om tilstandsrapporten for Radøy-skulane.

**Utsending av sakspapir:**

På vegne av Radøy Høgre og Radøy FRP kom Normann Sæbø med eit forslag om tidlegare frist for utsending av saksdokument til kommunestyret:

"Me foreslår frist for utsending av sakspapir sett til fjorten dagar før møtedato. Me ser at både tal saker og mengda dokument pr sak har vorte veldig omfattande. Dei fleste kommunestyrerepresentantane i Radøy er i vanleg arbeid og må dermed bruka kveldar og helger på sakspapira. Dersom sakspapir vert ettersendt seinare enn 1 veke før møtet, vert saka føreslått utsett i KS."

Ordførar Jon Askeland spurde om framlegget frå Høgre/Frp kunne trekkjast i denne omgang, for i neste omgang å koma tilbake til innspelet i samband med ei sak om politisk reglement. Det vart godteke av forslagstillar.

**NIS og MAKS:** Morgan Taule, styreleiar i Nordhordland Industriservice (NIS), informerte om fusjonen mellom NIS og Meland Arbeidssenter (MAKS). Han understreka at dei to verksemdene saman vil stå langt sterkare i kampen om anbod, noko det alt er tydelege signal om.

Kommunestyret tok meldingar og referatsaker til orientering med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

---

008/2016: Fornyng eller forlenging av permanente sals- og skjenkeløyve

Behandling:

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding mot 2 røyster (KrF).

**Vedtak:**

Sals- og skjenkestadane i Radøy får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess.

---

009/2016: Delegasjon av einskildvedtak om prikktildeling ved brot på alkohollova

**Behandling:**

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Kommunestyret delegerer til rådmannen å gjera einskildvedtak om prikkar for lovbrott knytt til alkohollova, alkoholforskrifta og kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer. Delegeringa gjeld for inntil 11 prikkar for ein sals- eller skjenkestad i løpet av to år. Kommunestyret gjer sjølv vedtak om tildeling av 12 prikkar.

---

011/2016: Søknad om å ettergjere gjeld - kunstgrasbana i Austmarka

**Behandling:**

Varaordførar Jostein Borlaug informerte om at han sit i styret i Radøy IL. Kommunestyret kjende han inhabil i saka, og Borlaug deltok ikkje i sakshandsaminga.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

**Vedtak:**

Radøy kommune ettergir gjeld til Radøy IL på kr 183 051,-.

---

## 012/2016: Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

### Behandling:

Kommunalsjef Lisbeth T. Alvær orienterte om planen og planarbeidet, og svarte på spørsmål. "Alle i aktivitet" er visjonen for kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Hovudmåla i planen er at kommunen skal bidra til auka fysisk aktivitet for innbyggjarane i kommunen og leggja til rette for gode anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Representantane som tok ordet gav ros for godt arbeid og ein god plan.

Vidar Grindheim (H) ba administrasjonen vera merksam på mogleg interessekonflikt knytt til bruk av Trettholmen/Mangerøy i kommunedelplanen og bruk av den tidlegare Jotuntomta og RadøyGruppen si planlagde utbygging i området.

*Frode Hervik (V) sette fram følgjande tilleggsframlegg:*

Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2016-2019 vert supplert med ballbingar/ballflater på Manger skule, Hordabø skule og Austebygd skule.

I opplistinga over stiar ønskjer Leif Taule (Sp) å ta inn fleire mykje brukte stiar i kommunen.

*Han sette fram følgjande tilleggsframlegg:*

Følgjande stiar vert tatt inn i planen:

Sætre-Storuvshøyen

Ystebø-Lometjørna-samfunnshuset

Haukåsen

Vetåsveten/Hestefjellet

Leif Taule meiner også det er viktig at både klatreplan ved Radøyhallen og utbygging/oppgradering av sømjehallen i Radøyhallen for fleire aktivitetar, må med i planen. For å få spelemidlar er det heilt nødvendig at anlegg er nemnd i planen.

*Taule sette fram følgjande tilleggsframlegg:*

Handlingsprogram for ordinære anlegg vert supplert med følgjande:

- Klatrevegg i/ved Radøyhallen vert ført opp på uprioritert plass i handlingsprogrammet.

- Utbygging/oppgradering av sømjehallen i Radøyhallen vert ført opp på uprioritert plass i handlingsprogrammet.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

### Vedtak:

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 vert, med heimel i § 11-1 i plan- og bygningslova, vedtatt med følgjande tillegg:

Følgjande stiar vert tatt inn i planen: Sætre-Storuvshøyen Ystebø-Lometjørna-samfunnshuset Haukåsen Vetåsveten/Hestefjellet

Prioriterte handlingsprogram nærmiljøanlegg 2016-2019 vert supplert med ballbingar/ballflater på Manger skule, Hordabø skule og Austebygd skule.

Handlingsprogram for ordinære anlegg vert supplert med følgjande:

- Klatrevegg i/ved Radøyhallen vert ført opp på uprioritert plass

- Utbygging/oppgradering av sømjehallen i Radøyhallen vert ført opp på uprioritert plass

---

013/2016: Plansak 1260201000700 - detaljregulering - Svena fritidsbustader - godkjenning

**Behandling:**

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå hovudutval for plan, landbruk og teknisk.

**Vedtak:**

Detaljplan for Svena fritidsbustader med planid 12602010000700 vert godkjent med planskildring (dagsett 12.05.2015) plankart (dagsett 11.01.2016) og føresegner (dagsett 13.01.2016).

Grunngjeving av vedtaket er at arealbruken er i tråd med overordna plan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §12-12.

---

015/2016: Plansak 12602016000100 Kommunedelplan for Bø - melding om oppstart av planarbeid med planprogram

**Behandling:**

Kenneth Taule Murberg (H) gjorde at det klart at Høgre og Frp ønskjer å gå tilbake til ein områdeplan for Bø, og ikkje konvertera denne områdeplanen til ein kommunedelplan for Bø. Dei fryktar at kostnader med arkeologiske utgravingar kan bli så store at det ikkje er aktørar som vågar å gå igang med utbyggingsprosjekt.

*Taule Murberg sette på vegne av H/Frp fram følgjande framlegg:*

Radøy kommune går vidare med områdeplanen for Bø. Radøy kommune ser på inndekking av kostnadane til stikkprøver og utgravingar, gjennom bruk av blant anna næringsfondet.

*Taule Murberg sette fram sekundært framlegg til vedtak:*

Høgre og Frp støttar forslag til vedtak, men vil ha inn følgjande protokolltilførsel;

"Høgre og Frp ser ein kommunedelplan for Bøvågen, med dei krav som fylkeskonservatoren er venta å møte private initiativ med, som ein rein "proforma-plan". Følgjeleg advarar vi mot å tru at denne planforma vil gi den ønskje utviklingseffekt, som er intensjonen med planen. Ein plan må lagast med

det formål at den skal ha ei virkningsfull samfunnsutvikling.

Leif Taule (Sp) ser ikkje store skilnader på om det er områdeplan eller kommunedelplan som blir utvikla for Bø. Han ser behovet for å sjå på mogelege konsekvensar ved kostnadane for potensielle utbygarar, og opna for å finna fornuftige måtar å løysa dette på.

Det vart frå ulike representantar ytra sterkt ønskje om å koma vidare med plan og utvikling på Bø.

*På bakgrunn av drøftinga sette Frode Hervik (V) fram følgjande tilleggsframlegg:*  
Rådmannen kjem tilbake til kommunestyret med ei sak om vurdering av tilskot til dekking av kostnadar i samband med reguleringsplanar.

Etter drøftingar trekte Kenneth Taule Murberg framlegget sitt.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding med Frode Hervik (V) sitt tilleggsframlegg sett fram i møtet.

#### Vedtak:

Framlegg til planprogram for Kommunedelplan for Bø vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn saman med oppstartsvarsel for nytt planarbeid og oppstartsvarsel for mogleg oppheving av følgjande eldre reguleringsplanar:

Planid. 1260197300200 Bøvågen

Planid. 12602987Bøneset, del av gnr 24 bnr 17

Planid. 12601988000100 Bøvågen bustadfelt

Planid. 1260199400100 Nordbø

Planid. 12601996000600 Bø- del av gnr 24 bnr 2 og 8

Planid. 12602001000700 Bø – reguleringsendring

Planid. 12602002000400 Leitevågen

Arbeidet er i tråd med planstrategien for Radøy 2012 – 2016 og eit ynskje om å utarbeide ein overordna plan som utfyller og detaljerer kommuneplanen for tettstaden Bø, og samordne gjeldande arealplanar i området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13, jf. § 4-2, samt § 12-14, jf. 12-8.

Rådmannen kjem tilbake til kommunestyret med ei sak om vurdering av tilskot til dekking av kostnadar i samband med reguleringsplanar.

---

014/2016: Plansak 12602014000500 Kvalheimsneset serviceområde - endring av reguleringsplan - godkjenning

**Behandling:**

Leif Taule (Sp) meiner endring av reguleringsplanen for Kvalheimsneset serviceområde ikkje vil vera ei dårleg utnytting av eit verdifullt næringsområde som kommunen i si tid selde svært rimeleg. Han røysta difor mot hovudutvalet si tilråding.

Kommunestyret vedtok hovudutval for plan, landbruk og teknisk si tilråding mot 6 røyster (Sp).

**Vedtak:**

Detaljplan for Kvalheimsneset serviceområde med plan-id 12602014000750 vert godkjent med planskildring, plankart og føresegner.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §12-12.

---

016/2016: Planstrategi for Radøy kommune - revisjon for perioden 2016-2020 - oppstart av arbeid

**Behandling:**

Normann Sæbø (H) understreka at reguleringsplanane er det viktigaste verktøyet politikarane har i utviklinga av kommunen.

*På vegne av Høgre og Frp kom Sæbø med følgjande framlegg:*

Før oppstart og prioritering av planar og planarbeid, må kommunen invitera til eit eige oppstartsmøte, der kommunestyret, administrasjonen og evt. andre fagpersonar er til stades, og forklarar planprosessane og svarar på spørsmål. Dette er heilt nødvendig for å kunne ta stilling til planarbeidet og til kva planar og delplanar som skal prioriterast.

Ordførar Jon Askeland synest det er ein god tanke å gjennomføra eit temamøte i kommunestyret, i tråd med framlegget til H/Frp. Ordføraren ba om at framlegget vert oversendt administrasjonen utan realitetshandsaming, noko forslagstillar godtok.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Framlegg frå H/Frp vert oversendt administrasjonen.

**Vedtak:**

Arbeidet med ein kommunal planstrategi vert starta opp og formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet.



Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

---

#### 017/2016: Busetjing av flyktningar i Radøy

##### Behandling:

Lena Bø Nilsen (Frp) stilte mellom anna spørsmål om tilgang på husvære til flyktningar, og ho viste til "stive" prisar på bustadmarknaden.

Rådmann Jarle Landås svara at det er ei kontinuerleg utfordring å skaffa nok husvære. Kommunen kan ikkje sjølv dekkja tilbodet, men rådmannen har registrert at det på den private bustadmarknaden er langt fleire som det siste året har vendt seg til kommunen for å tilby bustad til flyktningar.

David Pletten Aasgard (KrF) meiner det vil vera positivt å busetja flyktningar til ulike delar av kommunen.

Silje Namtvedt (Sp) understreka at denne saka ikkje berre handlar om busetjing - men også om integrering av flyktningar.

Namtvedt *sette fram følgjande tilleggsframlegg:*

Radøy kommune vil leggja press på at norskopplæringa for flyktningar skal vera på nynorsk.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding.

Tilleggsframlegg frå Silje Namtvedt (Sp) sett fram i møtet, vart vedteke mot ei røyst (Normann Sæbø, H).

##### Vedtak:

Kommunestyret aukar ramma for busetjing av flyktningar til 25 personar i 2016 og 29 i 2017

- Auke i talet på flyktningar vil krevja følgjande budsjettendring i budsjett for 2016:

- Auka integreringstilskot: 3.007.000 (skjema 1A).

- Auka driftsramme helse og omsorg: 3.007.000 (skjema 1B).

Radøy kommune vil ikkje forplikta seg til å ta imot eit bestemt tal mindreårige flyktningar. Radøy ønskjer dialog med IMDI om kven som skal busetjast innanfor ramma på 25 flyktningar i 2016 og 29 i 2017.

Radøy kommune vil leggja press på at norskopplæringa for flyktningar skal vera på nynorsk.

---

#### 018/2016: Plan for forvaltningsrevisjon

## Behandling:

Nestleiar i kontrollutvalet, Astrid Nordanger, orienterte om kontrollutvalet sitt mandat og vurderingar knytt til utvalet sitt framlegg til vedtak i kommunestyret.

*Leif Taule (Sp) kom på vegne av Sp/Ap/H/KrF med følgjande framlegg:*

Framlegget om vedtaksoppfølging går ut og vert erstatta med Innkjøp/offentlege anskaffingar (dvs organisering, innkjøpsavtalar og ansvarstilhøve, kompetanse og oppdatering i høve til avtalar og lovverk m.v.).

Siste setning i framlegget frå kontrollutvalet vert stroke.

*Leif Taule (Sp) kom også med følgjande tilleggsframlegg:*

Når forvaltningsrevisjonsrapportar vert lagt fram for kommunestyret, skal rådmannen leggja fram eit eige notat om status/endringar som er gjort for det aktuelle forvaltningsområdet etter at rapporten er blitt kjent.

Leif Taule viste til at kommunestyret har vedteke at det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon i barnevernet.

*Han sette fram følgjande endringsframlegg:*

Barnevern vert ført opp som første område for forvaltningsrevisjon.

Kommunestyret vedtok samrøystes kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

## Vedtak:

Kommunestyret prioriterer følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Barnevern
- Kommunen si satsing på «tidleg innsats» i oppvekstssektoren
- Innkjøp/offentlege anskaffingar (dvs organisering, innkjøpsavtalar og ansvarstilhøve, kompetanse og oppdatering i høve til avtalar og lovverk m.v.).

Når forvaltningsrevisjonsrapportar vert lagt fram for kommunestyret, skal rådmannen leggja fram eit eige notat om status/endringar som er gjort for det aktuelle forvaltningsområdet, etter at rapporten er blitt kjent.

## Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme gav ei god innføring til forslag til nytt inntektssystem for kommunane.

Leif Taule (Sp) ønskte å forsterka framlegg til høyringsuttale frå formannskapet med å presisera at inntektssystemet framleis må ha som hovudformål å sikra likeverdige tenester til alle innbyggjarane i Norge uansett kor dei bur.

### **Taule sette fram følgjande endringsframlegg:**

Det vert vist til høyringsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Radøy kommune meiner at endeleg vedteke inntektssystem burde vore ein del av avgjerdsgrunnlaget for vedtak om kommunestruktur. Radøy kommune meiner at inntektssystemet framleis må ha som hovudformål å sikra likeverdige tenester til alle innbyggjarane i Norge uansett kor dei bur.

Silje Namtvedt (Sp) ba om punktvis røysting over formannskapet sitt framlegg til uttale knytt til strukturkriteriet. *Alternativt ville ho setja fram følgjande endringsframlegg:*

Radøy kommune meiner at strukturkriteriet er urimeleg og sterkt i strid med formålet med inntektssystemet - å skapa likeverdige tenester. Radøy kommune går sterkt mot at ein skal bruka strukturkriteriet til å fremja kommunesamanslåing og dermed straffa innbyggjarar i kommunar som ønskjer å fortsetja som sjølvstendige einingar.

Kommunestyret vedtok samrøystes Leif Taule (Sp) sitt endringsframlegg til innleiing i høyringsuttalen frå Radøy kommune.

Deretter vart det røysta punktvis over uttale knytt til strategikriteriet.

### *Følgjande avsnitt vart samrøystes vedteke:*

"Radøy kommune ber departementet finna løysingar som hindrar at kommunane i Hordaland under eitt taper til kommunane i Oslofjordområdet. Vi ber departementet om å sikra at t.d. ein ny kommune bygd på Lindås, Meland og Radøy (pluss evt fleire) kjem positivt ut etter 20 år. Vi finn det urimeleg at ein ny kommune som vert danna på grunnlag av kommunereforma kjem økonomisk dårleg ut etter 20 år, samanlikna med t.d. Bergen, som utan å gjera ei einaste grensejustering, tener over kr. 80 mill. årleg frå dag 1."

### *Følgjande avsnitt vart vedteke mot 9 røyster (Sp):*

"I inntektssystemet bør det vera noko større stimulering til å gjennomføra ei strukturreform i kommunal sektor enn det er i dag, og rådmannen støttar difor prinsippa og intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium."

### *Følgjande avsnitt vart vedteke mot 9 røyster (Sp):*

"Departementet bør arbeida vidare med å operasjonalisera strukturkriteriet for å unngå at kommunar mellom 10 000 og 20 000 innbyggjarar i så stor grad som foreslått får nedgang i tilskot. Ein måte å gjere dette på kan vere å følgje opp KS sin alternative modell om at basiskriteriet berre vert gradert for kommunar med mindre enn 12 000 innbyggjarar, og at det vert lagt inn ein glidande overgang for kommunar mellom 10 000 og 12 000 innbyggjarar (av omsyn til stabilitet på tilskotsnivået). Graderinga av basis får med dette først fullt gjennomslag for kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar. I et slikt alternativ vil alle kommunar med over 12 000 innbyggjarar koma ut i pluss med eit likt beløp per innbyggjar, medan kommunar frå 0 til 12 000 innbyggjarar vil koma noko dårlegare ut enn i framlegget frå departementet."

*Følgjande avsnitt vart vedteke mot 1 røyst (Sp):*

"Alternativet frå KS vil dermed i større grad enn departementet sitt framlegg støtta opp under intensjonane i kommunereformarbeidet med omsyn til ønska kommunestorleik."

*Følgjande avsnitt vart vedteke mot 9 røyster (Sp):*

"Berekningar viser at modellen som er skissert i høyringsframlegget vil føra til store omfordelingar mellom kommunane. Samstundes skjer det store endringar i samband med kommunereforma. Med to så store endringar samstundes vil det vera vanskeleg å oppretthalda prinsippet om likeverdige tenester for innbyggjarane. Det vil vera uansvarleg av regjeringa å innføra denne modellen samstundes som mykje er uavklara i kommunereforma."

*Følgjande avsnitt vart samrøystes vedteke:*

"Det bør setjast ned eit utval som i lys av resultatet av kommunereforma utviklar modellen vidare. Utvalet sitt mandat må vera å sikra full kompensasjon for smådriftsulemper til tenester, medan smådriftsulemper på kommunenivå som er frivillige ikkje blir kompensert fullt ut. Ein slik modell kan få verknad frå 1.1.2020."

Vedtak:

#### **Kommunestyret godkjenner følgjande høyringsuttale:**

Det vert vist til høyringsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet med forslag til nytt inntektssystem for kommunane. Radøy kommune meiner at endeleg vedteke inntektssystem burde vore ein del av avgjerdsgrunnlaget for vedtak om kommunestruktur. Radøy kommune meiner at inntektssystemet framleis må ha som hovudformål å sikra likeverdige tenester til alle innbyggjarane i Norge uansett kor dei bur.

#### **På følgjande punkt har Radøy kommune merknader til forslag til nytt inntektssystem:**

##### **Kostnadsnøklar**

· Vi ber departementet motverka uheldige, utilsikta endringar mellom distrikta, t.d. vil kommunane i fylka langs kysten samla sett koma svært dårleg ut samanlikna med kommunar i det sentrale austlandsområdet.

· Det er viktig med føreseielege rammer for kommunane. Ei oppdatering av kostnadsnøklane kvart fjerde år fører til store omfordelingar mellom kommunane kvar gong nøklane vert oppdatert. Kostnadsnøklane bør av den grunn oppdaterast minst annakvart år, og vektinga mellom sektorane bør skje kvart år. For å unngå at nokre effektar vert overvurdert enkelte år og for å redusera svingingar bør det nyttast gjennomsnitt av siste 4 år.

· Kommunane har dei seinare åra opplevd ei sterk auke i utgifter til spesialundervisning, barnevern, sosialhjelp og ressurskrevjande brukarar i pleie og omsorg. Graden av vekst varierer mellom kommunane. Departementet har i lita grad å funne forklaringsfaktorar bak denne veksten. For å oppnå eit inntektssystem med full kompensasjon for ufrivillige kostnadsulemper må departementet prioritera å identifisera statistisk utsagnskraftige forklaringsfaktorar for alle kostnadsnøklane.

· Ein vesentleg del av mottakarane av ressurskrevjande tenester er psykisk utviklingshemma, og enkeltkommunar kan ha særst høge utgifter knytt til personar med psykisk utviklingshemming. I departementet sitt framlegg til delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg er dette kriteriet vekta betydeleg ned. Radøy kommune meiner at nedvektinga som vert føreslegen er for sterk. Toppfinansieringa for ressurskrevjande tenester vil berre i liten grad kompensera for inntektstapet

som følge av dette, og konsekvensen kan bli redusert tenestnivå til psykisk utviklingshemma.

### **Nytt strukturkriterium**

· Radøy kommune ber departementet finna løysingar som hindrar at kommunane i Hordaland under eitt taper til kommunane i Oslofjordområdet. Vi ber departementet om å sikra at t.d. ein ny kommune bygd på Lindås, Meland og Radøy (pluss evt fleire) kjem positivt ut etter 20 år. Vi finn det urimeleg at ein ny kommune som vert danna på grunnlag av kommunereforma kjem økonomisk dårleg ut etter 20 år, samanlikna med t.d. Bergen, som utan å gjera ei einaste grensejustering, tener over kr. 80 mill. årleg frå dag 1.

· I inntektssystemet bør det vera noko større stimulering til å gjennomføra ei strukturreform i kommunal sektor enn det er i dag, og Radøy kommune støttar difor prinsippa og intensjonane som ligg til grunn for innføringa av eit nytt strukturkriterium.

· Departementet bør arbeida vidare med å operasjonalisera strukturkriteriet for å unngå at kommunar mellom 10 000 og 20 000 innbyggjarar i så stor grad som foreslått får nedgang i tilskot. Ein måte å gjere dette på kan vere å følge opp KS sin alternative modell om at basiskriteriet berre vert gradert for kommunar med mindre enn 12 000 innbyggjarar, og at det vert lagt inn ein glidande overgang for kommunar mellom 10 000 og 12 000 innbyggjarar (av omsyn til stabilitet på tilskotsnivået). Graderinga av basis får med dette først fullt gjennomslag for kommunar med mindre enn 10 000 innbyggjarar. I et slikt alternativ vil alle kommunar med over 12 000 innbyggjarar koma ut i pluss med eit likt beløp per innbyggjar, medan kommunar frå 0 til 12 000 innbyggjarar vil koma noko dårlegare ut enn i framlegget frå departementet.

Alternativet frå KS vil dermed i større grad enn departementet sitt framlegg støtta opp under intensjonane i kommunereformarbeidet med omsyn til ønska kommunestorleik.

· Berekingar viser at modellen som er skissert i høyringsframlegget vil føra til store omfordelingar mellom kommunane. Samstundes skjer det store endringar i samband med kommunereforma. Med to så store endringar samstundes vil det vera vanskeleg å oppretthalda prinsippet om likeverdige tenester for innbyggjarane. Det vil vera uansvarleg av regjeringa å innføra denne modellen samstundes som mykje er uavklara i kommunereforma. Det bør setjast ned eit utval som i lys av resultatet av kommunereforma utviklar modellen vidare. Utvalet sitt mandat må vera å sikra full kompensasjon for smådriftsulemper til tenester, medan smådriftsulemper på kommunenivå som er frivillige ikkje blir kompensert fullt ut. Ein slik modell kan få verknad frå 1.1.2020.

### **Regionalpolitiske tilskot**

· Radøy kommune støttar framlegget om ei forsiktig dreining av desse tilskota frå størrelse på kommunen til meir å ta omsyn til reelle distriktsutfordringar. I eit slikt system er det viktig med tillit til den statistiske modellen som bereknar dei reelle distriktsutfordringane. Det vil og vera rett at det skjer ei dreining i retninga av at tilskotet vert gjeve meir basert på innbyggjartal enn ein fast sum per kommune.

· Veksttilskotet bør inngå som del av inndelingstilskotet ved kommunesamanslåingar, då vekstutfordringane til dei aktuelle kommunane ikkje fell vekk ved samanslåingar.

### **Skatteelementa:**

Radøy kommune er samd i prinsippet om at kommunane bør ha ei viss grad av økonomisk sjølvstende og moglegheit for å behalda ein del av inntekter og verdiar som vert skapt i eige lokalsamfunn. Likevel ser ein at mange av elementa i skattesystemet er sensitive for svingingar og dette kan føra til store variasjonar i inntektene i ein kommune frå år til år, eller mellom

kommunar. Dette set vilkåret om likeverdige tenester til innbyggjarane på prøve. Det er difor viktig å oppretthalda minimum den skatteutjamninga vi har i dag.

---

## 020/2016: Nordhordland kommune - intensjonsavtale for ny kommune

### Behandling:

Ordfører Jon Askeland gav ei grundig samanstilling mellom intensjonsavtalane for 3-kommunar-alternativet og for 8-kommunar-alternativet. Ordføraren understreka at det handlar om den same avtalen, berre at 8-kommunar-avtalen er ei "volumforstørtra" utgåve - inkludert nokre oppgraderingar. Han peika på at intensjonsavtalen lett vil kunne skreddarsyast dei kommunane som går inn i ein ny kommune - anten det blir to eller åtte.

Intensjonsavtalen for 3-kommunar- og 8-kommunar-alternativet blir no lagt ut på høyring, saman med Radøy-alternativet, altså rådmannen sitt notat knytt til at Radøy held fram som eigen kommune. Høyringsfristen er sett til 10. april.

Representantar for dei ulike partia gjorde i tur og orden greie for sitt syn på intensjonsavtalen for ny kommune.

Morgan Taule (Ap) ser eit stort potensiale i ein større kommune, ikkje minst innan helse- og sosialektoren og for vekst og utvikling innan næringslivet. Han fryktar ikkje at den nye kommunen vil "gløyma" folk i utkantane.

Sara Sekkingstad (Sp) legg stor vekt på at det gode ungdomsarbeidet i Radøy må bli vidareført i ein ny kommune. Ho understreka at det er innbyggjarane som skapar levande bygder, anten det er i ein liten eller stor kommune.

Silje Namtvedt (Sp) meiner det er fleire element som er utegløynt i intensjonsavtalen. Ho håpar mange engasjerer seg og kjem med innspel i høyringa, i håp om å få til ein fyldigare avtale og betre avtale.

Leif Taule (Sp) gav uttrykk for at det er viktig å sjå på byråkratiet i den nye kommunen og gje tydelege føringar for sterk politisk styring.

Frode Hervik (V) gjorde det klart at Venstre har tatt eit prinsipielt standpunkt for ein ny kommune. Han meiner det er lagt eit godt grunnlag i intensjonsavtalen. Han meiner Radøy vil få meir igjen ved å gå saman med andre enn å stå åleine, t.d. når det gjeld næringsutvikling og breiare kompetansmiljø. Han ser også potensiale i ytterlegare utvikling på kulturområdet.

Kenneth Taule Murberg (H) framheva det gode klimaet i forhandlingsutvala, og la til at storebror Lindås har vore ein fin forhandlingspartner. Han trur ikkje ein større kommune vil gå på bekostning av lokalsamfunnet, men snarare at ein sterkare kommune kan gje sterkare lokalsamfunn.

David Pletten Aasgard (KrF) ser på ein ny kommune som spennande. Han sa at KrF ønskjer seg ein

stor og robust kommune for framtida.

Martin Soltveit (Sp) sa at han ikkje ønskjer å "overkjøra" radværingane, og vil difor gå ut med sitt standpunkt først etter at opinionsundersøkinga er gjennomført.

Vidar Grindheim (H) understreka at næringslivet er positiv til at det blir bygt ny kommune i Nordhordland.

Ordførar Jon Askeland meiner det er ein ny kommune som best vil ivareta radværingane sine interesser - den tryggaste framtida for radværingane er etter hans syn i ein ny og større kommune.

*Ordføraren sette fram følgjande tilleggsframlegg til formannskapet si tilråding:*

Intensjonsavtalen for 8 kommunar, signert 1. mars, vert også lagt ut på høyring.

Nytt pkt 3: Kommunestyret legg rådmannen sine premiss (notat) til grunn dersom Radøy held fram som eigen kommune.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet sitt framlegg, med ordføraren sitt tilleggsframlegg sett fram i møte.

**Vedtak:**

1. «Forhandlingsutvalet til Lindås, Meland og Radøy sitt framlegg til intensjonsavtale for ny kommune» – versjon 1.0 datert 25. januar 2015, og intensjonsavtalen for 8 kommunar - signert 1. mars, vert lagt ut på høyring.

Høyringsperioden vert fram til 10. april.

2. I høyringsperioden vert det gjennomført folkemøte.

3. Kommunestyret legg rådmannen sine premiss (notat) til grunn dersom Radøy held fram som eigen kommune.

---